

Tur 7

Kyrkjestien Skippervik - Vorland

Lengde: ca. 3,7 km heilt fram til kyrkja på Vorland

Tid: ca. 1 time

Terreng: skog, myr og fjell

Turen går langs den gamle kyrkjestien mellom Vika og Vorland. Frå Vika tek ein av frå vegen til det nedlagde smoltanlegget ved Bergesvatnet.

Turstien er merka med raudt. Merking og rydding av stien vart gjort i samband med 1000-års jubileet for Kyrkja i Noreg våren 1995.

Dette var del av Hillestveit skule si lokale markering av jubileet. Frå Vika

går stien først i lett skogsterreng, vidare opp og over fjellet ned mot

Steinloppetjørna. I dag må ein gå rundt Steinloppetjørna på

nordaustsida, ettersom Kvednavatnet er oppdemt og den gamle

steinovergangen er borte. På nedturen frå Kvednavatnet går ein langs

Kvednabekken og passerer eit gammalt kvernhus frå 1810 som Bømlo

Tur- og Sogelag restaurerer. Frå kvernhuset går stien over fleire små

bruer nedover mot Andalsvegen. Herifrå mot den gamle kyrkja på

Vorland frå 1621 lyt ein gå på bilvegen.